

ARKIV

LINDAS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTO	Møtested Rådhuset	Møte dato 21.3.83
Sakshandsamar Thorsheim	Mått nr. gnr. 182 bnr. 8 Gausereide	SAK NR. 137/83
Byggherre meldar Martha Berge	Adr. 5103 Seim	
Saka gjeld	Bustadhus - Tilbygg, innstallering av vassklosett	

Vedlegg:

Søknad om byggjetillatelse, dat. 15.3.83
 situasjonskart 1:5000
 teikningar 1:50
 skriv til Lindås bygn.råd motteke 23.2.83
 Vedtak i bygn.rådet 15.11.82, sak 471/82

MERKNAD:

Det omsøkte tilbygget gjeld eit bustadhus ved Storavatnet. Grunna nærleiken til vatnet, vert det søkt om å få leggja avlaupet frå vass-sparande klosett til tett tank. Det øvrige avlaupsvatnet skal leiast via slamavskiljar til kunstig sandfilter.

Bygningssjefen kan gå inn for omsøkte løysing mot at søkjaren, som no får alle rom med sanitærinnstallasjonar på hovudplanet, er viljug til å lukka alle avlaup frå kjellarhøgda. Grunnen til dette er at ein i samband med kloakksaneringa kring Storavatnet har svært vanskeleg for å få til ei tenleg løysing for det avlaupet ein idag har frå kjellaren av dette huset (vaskerom, dusj).

Avlaupsvatnet frå nytt kjøkken og nytt vaskerom/dusj på hovudplanet, vil kommunen leia til ny slamavskiljar og sandfilter.

TILRÅDING:

Byggjetillatelse vert gjeve i samsvar med teikningar og utgreiingar vedlagt søknaden og på følgjande vilkår:

1. Avlaup frå vass-sparande toalett skal leiast til tett tank. Tanken skal utstyrast med automatisk varsling for tømning. Dersom helserådsordføraren finn det turvande, må søknaden også leggjast fram for helserådet til godkjenning.
2. Farge og takteking må vera slik at det harmonerar godt med omgjevnaden. Bygningsrådet kan forlanga at bygget skal målast på ny dersom det vert fargesett på ein skjemmande måte. (§ 74)
3. Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett for heile byggjearbeidet og for privat kloakkanlegg (godkj. røyrlaggjar). (§ 98)

..//..

LINDAS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTO	Møtestad Rådhuset	Møte dato 21.3.83
Saksbehandlar Thorsheim	Mått.nr. gnr. 182 bnr. 8 Gausereide	SAK NR. 137/83
Byggherre melder Martha Berge	Adr 5103 Seim	
Saka gjeld Bustadhus - Tilbygg, innstallering av vassklosett		

Vedlegg


Forts.

4. I samsvar med § 93 jfr. § 95 i bygningslova vert det ikkje tillete igangsett arbeid før det er gjeve byggjetillatelse eller graveløyve. Byggjetillatelse vert sendt når vilkåra i vedtaket er stetta.

VEDTAK:

Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga.

FOR LINDAS BYGNINGSRÅD



Utskrift sendt til

Martha Berge
Karsten Berge
Helserådsordføraren

5100 Isdalstø, 28. mars 1983

Martha Berge

5103 Seim

MELDING I FORVALTNINGSSAK

I samsvar med § 27 i forvaltningslova vert det med dette meldt at det den 21. mars 1983 i sak *137/83* av Lindås bygningsråd, 5100 Isdalstø er gjort vedtak som vedlegget syner.

Vedtaket kan påklagast til kommunal- og arbeidsdepartementet v/fylkesmannen i Hordaland jfr. § 17 i bygningslova.

Klagefristen er 3 - tre veker frå den dagen brevet kom fram til mottakaren. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast til Lindås bygningsråd. Han skal vera underskriven, nemna det vedtaket som det vert klaga på, gjeva opp dei endringar som er ønskjelege og dei grunnar De vil føra for klagen.

Dersom De klagar så seint at det kan vera uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk gjeva opp når denne meldinga kom fram. Om løyve til å få klagefristen forlengja, og om løyve til å påklaga vedtaket sjølv om klagefristen er ute m.m., gjeld elles føresegnene i § 29 - 32 i forvaltningslova. Om oppsetjande verknad av klage gjeld § 34 i forvaltningslova. Har De ikkje høve til å gjera Dykk kjend med desse føresegnene, eller De treng rettleiing om kva De skal eller kan gjera, kan De venda Dykk hit.

For Lindås bygningsråd

Kjeldor Storkuim